

Uskedalen har fått sin Løvfallsykkel.

17.08.2017



To kreative mennesker - Emilie Kladestad Erslund og Erlend Haugland har pynta og montert sykkelen i sentrum.

Uskedalen.no har før skrive om enkle tiltak som skaper trivsel i nærområde. Blomane i kryssen på Haugland og planter i ein Jøtulomn på Nedre Fet er gode døme. Mange har den siste tida merka seg ein sykkel i sentrum tvers over vegen for Zjakk frisørsalong. Den 20 år gamle sykkelen er signalgul med blommedekorasjon og skiltet Skårhaug påmontert. Med dette har Uskedal fått sin 'Løvfallsykkel'.

Svaret på den kreative tanken og sykkelmonteringa finn vi i nabohuset. Emilie Kaldestad Erslund og Erlend Haugland har nemleg overteke og flytta inn i huset der Dagny og Olav Haugland budde. Dagny og Olav var besteforeldra til Erlend. Torsdag før Festidalen ville dei gjera sitt til å skapa ei festpynta bygd. Emilie berga sykkelen frå å enda på SIM, målte den signalgul med Bengalakk. laga skilt, planta blommar i korga og på brettet framme og bak og stripsa sykkelen til telefonstolpen ved Fylkesvegen.



[Emilie har brukt Bengalakk signalgul og laga skiltet SKÅRHAUG.](#)

Sykkelen har fått stor merksemd. Emilie og Erlend sit i stova og ser alle som tek bilete. Nokre stoppar, ryddar og ser til at blomane heng fint. Dersom alt fungerer, skal sykkelen stå på plassen sin i haust. Til jul vert sykkelen pynta med juledekorasjon.

Erlend har fleire artige tankar om å skapa trivsel i innkøyringa til Skårhaug. Eit postkassehus med kaffikjel, dyrefigurar og blomar er alt på plass, POSTEN vil rett nok ikkje bruka postkassen. Dei vil at alle postkassane skal vera samla nede ved vegen. Emilie og Erlend vil likevel for syns skuld ha ein postkasse ved inngangen til huset.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Emilie Kaldestad Ersland/ Kristian Bringedal



Postkassetativet med dekorasjonar. Kva bli neste, spør vi.